



Aquapartner AS
Østerskogen 56
4879 GRIMSTAD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4729 - 15/1290

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
23.01.2015

Godkjenning - GBNR 9/2 mfl - Løyve til nedlegging av ny avlaupsleidning med slamavskiljar

Administrativt vedtak. Saknr: 24/2015

Tiltakshavar: Meland kommune
Ansvarleg søker: Aquapartner AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Saka gjeld søknad om graving og nedlegging av avlaupsleidning og slamavskiljar på gnr 9 bnr 2, Orrhøyen, i Meland kommune. Føremålet med tiltaket er å etablere kommunalt avlaupsnett for om lag 40 husstandar i området, som i dag har privat utslepp til sjø (ureinsa).

Det ligg føre avtale med eigar av gbnr 9/2 om rett til å plassera slamavskiljar og leggja og vedlikehalde leidningar.

Utsleppsløyve etter forureiningsforskrifta vart gjeve ved vedtak av 18.11.2014, arkivsakid 14/411.

Meland kommune gav i sak 14/3671 dispensasjon for bygging av anleggsveg i LNF-område for tømning av slamavskiljaren. Løyve etter pbl kap 20 for bygging av anleggsvegen vil verte gitt i eige vedtak. Føreliggjande del av tiltaket (nedgraving) vert ikkje vurdert å kome i konflikt med korkje LNF-område eller strandsoneomsyn (pbl § 1-8) og krev ikkje dispensasjon.

Omsøkt tiltak er vist på situasjonsplan vedlagt søknaden, vedlegg E1. Det vert elles vist til søknad journalført 29.10.2014 og supplert 22.12.2014.

VURDERING:

Nabovarsel:

Tiltaket vart nabovarsla 24.6.2014 i samsvar med pbl § 21-3. Det er ikkje motteke merknader til varselet.

Plassering av tiltaket:

Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonsplan og plan- og profildeikning stempla godkjent 23.01.2015.

Ansvarsrettar:

Det er søkt om følgjande ansvarsrettar i saka:

Føretak:	Ansvarsområde for godkjenning:
Aquapartner AS Org.nr 963 164 157 Sentral godkjenning	SØK, (tkl 2) PRO, heile tiltaket (tkl 2)
Alversund Maskinstasjon AS Org.nr 937 664 044 Sentral godkjenning	UTF, grunn- og terrengarbeid (tkl 2)
Skarsvåg rør og interiør AS Org.nr 979 679 149 Sentral godkjenning	UTF, Utv rørinstallasjoner (tkl 2)

VEDTAK:

«Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 bokstav a, vert det gjeve løyve til graving og nedlegging av avlaupsleidning og slamavskiljar på gbnr 9/2 mfl, som omsøkt, jf søknad journalført 29.10.2014 og supplert 22.12.2014.

Tiltaket skal plasserast og utførast som omsøkt, jf situasjonsplan og plan- og profildeikningar stempla godkjent 23.1.2015.

Ansvarsrettar vert godkjent som omsøkt, jf vurderinga ovanfor, jf pbl § 23-3.

Tiltaket skal elles gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, så framt ikkje anna følgjer av vedtaket eller vurderinga over.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Byggeløyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyvet vart gitt, eventuelt dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt tiltakshavar.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Godkjente teikningar - Leidningsnett på gbnr 9-2 mfl

Kopi til:

Berit M.Eskeland

Mottakere:

Aquapartner AS

Østerskogen 56 4879

GRIMSTAD